

Bunaden

Bunaden er ei norsk folkedrakt. Han vart vanleg å bruke på byrjinga av 1900-talet.

Det er vanleg å bruke bunad til 17. mai. Han blir også brukt i barnedåp, konfirmasjon, bryllaup og andre store feiringar.

Bunadar er ganske dyre. Difor går dei ofte i arv i familien og kan brukast i mange år.

Ein del får bunad når dei konfirmerer seg. Nokre arvar bunaden sin, medan andre får ein heilt ny.

Bunadane varierer frå stad til stad i Noreg. Difor kan ein bunad ofte vise kvar ein person eller familien kjem frå. Det finst om lag 450 ulike bunadar.

I dag er bunaden eit viktig symbol på norsk kultur og historie.



Spørsmål til teksten:

1. Kva er ein bunad?

2. Når vart det vanleg å bruke bunad?

3. Kvifor er bunadar i Noreg forskjellige?

4. Kva er bunaden eit symbol på i dag?

Bilettekreditering:

Wolfmann. *Bunader i utstillingsvindu i Tønsberg (2022)*.

Henta frå Wikimedia Commons:

<https://commons.wikimedia.org/wiki/>

[File:BUNAD Telemarksbunad dame Kvinnebunad Øst-Telemark beltestakk Liv Skjorte Knapper Sølje Belte broderier Norwegian traditional folk costume. Utstillingsvindu Window display Tønsberg Norway 2022 IMG 3 984.jpg](#)

Lisens: Creative Commons Attribution-Share Alike 4.0 (CC BY-SA 4.0)